



Denne skissa viser kvar det aktuelle området ligg.

**Også AFA er interessert i kjøp av den 1,3 mål store og svært sentrale tomte vest for verksemda og inntil riksvegen.**

**Eigar Tor Eik på Endregård har frå før ein annan kjøpar på hand og han ynskjer å nytta området til bustader for eldre.**

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle har no sendt saka over til ordføraren med søknad om refinansiering. Eik tok kontakt med han i januar då AFA tidlegare har ynskt å kjøpa arealet med garasjen, som er nyrestaurert.

AFA leiger no garasjen og området rundt til dagleg drift på grunn av plassmangel. Ved eit kjøp kan verksemda straks ta i bruk arealet, som allereie er regulert til næringsføremål.

Sæle held fram at skulle arealet bli seld til eit anna føremål, vil AFA måtte innskrenka drifta noko på sikt. Eik ynskjer helst at AFA skal få kjøpt området, men han vil ha eit snarleg svar på dette.

Styret i AFA har vedteke at dei skal kjøpa eigedommen og at dagleg leiar skal stå for kjøpet og forhandla om refinansiering av gjeldande lån med kommunen. Sæle har vore i forhandlingar med Eik om kjøp og det er einigheit om ein sum på 400.000 inklusive garasjen og kostnader. Etter innbetaling av renter og avdrag for 2008 er restlånet til AFA 2 570 028 kroner.

Av Ola Matti Mathisen